

Årsrapport for Basketballgruppa Eikefjord Idrettslag 2022

Dette er første året sidan 2010 Eikefjord idrettslag ikkje har hatt lag til seriespel. Då Eikefjord basket hadde si storheits tid i 2015 var vi heile fire lag som deltok i seriespel i region vest. Vi hadde både jente og gutelag, og senior herrar spelte i 1. divisjon. Nesten to år med korona restriksjonar øydela mykje og hausten 2021 måtte trekke seniorlaget frå serien. Men det som er positivt i 2022 er at Eikefjord hadde med eit aldersbestemt lag på Hansa cup i Bergen.

Ein anna positiv ting er at vi har klart å oppretthalde treningane. Dag Nybø, saman med to nye yngre trenarar, har hatt trening på onsdagar for to grupper. Eine gruppa er på frå 2. til 6. klasse og andre gruppa frå 7. klasse til vgs. Til saman er dei 20 til 30 aktive. Vi har og fått behalde treningstida på måndagar frå kl. 19.00 til kl. 20.30. Der er det ei blanding mellom juniorar og seniorar.

Økonomien i basketballgruppa er god. Men blir det veldig høg hall-leige vil det kunne ha store konsekvensar.

I 2022 har vi beholdt strukturen i styret til basketballgruppa. Mona Johannessen er kasserar, Kazimieras Dzidzevicius styremedlem og Andre Hatleset er leiar. Men Andre har bedt hovudstyret om å finne ein ny leiar. Så han vil med denne årsrapporten takke for seg. Husk at det ikkje er lov til å «toppe» aldersbestemte lag. Alle skal få spele like mykje.

Med vennleg helsing

Andre Hatleset